

Til
politiske gruppeleiarar og politisk leiing i Alver kommune

Kulturhus i Knarvik – arealfesting av tomt no!

Alver kulturråd viser til det auka engasjementet for regionalt kulturhus i Knarvik det siste året. Særleg viser me til den opne temakvelden 7. november og til ulike signal t.d. i lokalavisene om tomtespørsmålet .

Alver kulturråd ber no dei politiske partia i Alver om å ta ansvar for å sikra ein kommunalt eigd tomt til kulturhuset, på lik linje med det kommunen har gjort for symjeanlegget. Å få arealfesta tomt for kulturhuset i 2023 er eit avgjerande vilkår for å få framdrift i prosjektet. Kulturrådet ser det som viktig at dei politiske partia set saka på kartet i den kommunevalkampen som kjem til sommaren og hausten.

Det har vore ulike syn på plasseringa av kulturhuset. Alver kulturråd har notert seg signala om at det er ledig plass nær symjeanlegget og meiner elles det er viktig at kulturhuset ligg i den løypa som 1500 skuleelevar går kvar dag. Ungdommen kjem til å vera ei viktig brukargruppe for kulturhuset. Alver kulturrådet er kjend med at Vestland fylkeskommune arbeider med planar om utviding/opprusting av den vidaregåande skulen i Knarvik innan 2030. Ny skulebruksplan for komande periode i 2024/25 skal utarbeidast og Alver Kulturråd ber om at ein vurderer sambruk mellom skule/kulturhus .
(jfr Åsane Kulturhus og Hardinghuset i Norheimsund)

Alver kulturråd ber derfor politikarane i Alver om å gje kulturhuset plass i den såkalla Gamlestemhaugen mellom rådhuset og Nordhordlandshallen Det vil gje nærleik til skulane i området. (sjå vedlagt kart)

Alver kulturråd stiller gjerne på gruppemøte i dei politiske partia for å leggja fram synet sitt på denne saka.

Med helsing for Alver kulturråd
Ivar Hopland



Med helsing for Alver kulturråd
Ivar Hopland
Leiar

